



# STRYN KOMMUNE

Statens vegvesen region Vest Leikanger Kontorsted  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER  
Kurt Skagen og Marius Slinde

**Vår ref:**  
18/536-4/ FA-Q13, FA-Q32 AEM

**Dykkar ref.**  
15/2019579 og 17/37469-51

**Dato:**  
02.05.2018

## **Uttale forslag til tunnel- og brunamn - Fv 722 Veslebygda - Flo og Fv 698 Blakset - Robjørørgane.**

Sektorutval for tekniske saker- 034/18, har i møte 24.04.2018 fatta følgjande vedtak:

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn:  
Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen

Helsing

Anita Elin Myklebust  
avdelingsleiar kart og oppmåling

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/18	Sektorutval for tekniske saker	24.04.2018

### Uttale forslag til tunnel- og brunamn - Fv 722 Veslebygda - Flo og Fv 698 Blakset - Robjørgane.

#### Bakgrunn for saka:

Statens vegvesen region vest har sendt over forslag til namn på ny tunnel og bru på Fv. 722. mellom Veslebygda og Flo og forslag til namn på ny tunnel på Fv. 698 mellom Blakset og Robjørgane til uttale.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Stadnamnlova

#### Vedlegg i saka:

Fylkesveg 722, Veslebygda-Flo. Namn på ny bru og tunnel	1374299
Namn på ny tunnel på fv. 698 mellom Blakset og Robjørgane	1374297

#### Saksopplysningar:

I brev dagsett 26.02.18 og 28.02.18 har Statens vegvesen region vest sendt over forslag til namn på ny tunnel mellom Blakset og Robjørgane og ny tunnel og bru mellom Veslebygda og Flo til uttale.

Sidan tunnelane og brua ligg på fylkeskommunal veg er det Sogn og Fjordane fylkeskommune som skal gjere vedtak på namna jamfør § 5 i Stadnamnlova. Kommunen kan kome med innspel og forslag til namn.

#### Forslag til namn frå Statens vegvesen:

- Tunnel mellom Blakset og Robjørgan: **Blaksettunnelen** (alternativ: Gråfjelltunnelen, Stolentunnelen.)
- Ny bru over Fureelva: **Fureelva bru**.
- Ny tunnel mellom Veslebygda og Flo: **Flotunnelen** (alternativ: Flostrandatunnelen)

Sjå vedlegg for meir informasjon.

**Vurdering:**

Det er muleg å kome med forslag til andre namn eller skrivemåte på tunnelane og brua.

I framlegg til namn er det brukt stadnamn som er kjende og som seier kvar tunnelen eller brua er plassert, noko som er bra med tanke på å finne fram.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn: Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen

**Sektorutval for tekniske saker 24.04.2018:****Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

**TS- 034/18 Vedtak:**

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn: Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen